

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møtestad: Bjorli Samlingshus, Vasstårnvegen 40, 2669 Bjorli, <https://bjorli-samlingshus.business.site/>

Overnatting: Bjorli Fjellstuer, Bøvervegen 19, 2669 Bjorli, www.bjorlifjellstuer.no

Servering: Melissa Skeie. Ordner med all mat til oss, men vi må ta med drikke til middagen sjølve. Lunch på laurdag blir i felt.

Dato: 20.- 21. oktober, 2023

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Frode Faksvåg	x	Inger Marie Aalbu	
Lesja	Liv Enstad	x	Einar Utgaard	
Lom	Jon Sjurgard	x	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	x	Arne Hauge	
Fjord	John Helge Larsen	x	Monika Tettli	
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli	x	Arne Hoem	
Skjåk	Randi Rust	-	Thorstein Åmodt	
Stranda	Steinar Aanning	-	Torill Ansnes	
Stryn	Johan Berge	x	Karoline Hatledal	
Vågå	Pål Grev	x	Karola Wenzel	
Sekretær	Tor Taraldsrud	x		

Program:

Fredag 20. oktober

17:30 – 18:00 Kaffi / te / enkel bevertning

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

20:00 Middag

Laurdag 21. oktober (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:30 Møte i nemnda. Planlegging av synfaring. Sjå på funksjonsområder for villrein, villreinrelaterte kulturminne, vandringshindre for villrein, menneskeleg ferdsel på kart før vi dreg ut.

10:30 – 16:00 Synfaring Rånåkollen. Det er stipulert 1,5 t opp til Rånåkollen på ut.no:

<https://ut.no/turforslag/114748446/ranakollen-signaturen-pa-bjorli> Vi kjem nok til å bruke lengre tid med nokre stopp undervegs for å drøfte villreinproblemtikk. Lunch undervegs på turen. Fokus på ferdsel og villreinproblematikk i Asbjørnsdalen.

16:00 Avslutning

Utstyr: Sitteunderlag, varme klede og gode sko, lue og vottar. -Er meldt kaldt. I tillegg er det ein del snø i området.

Innhald

18. Godkjenning og innkalling av sakliste.....	2
19. Tildeling av middel til villreintiltak 2023.....	2
20. Orienteringssak - gjennomføring av villreinjakta hausten 2023.....	4
21. Erfaring med villreinjakt på tamreinområde i Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ynskjer vi å vidareføre ordninga fleire år?	4
22. Orienteringssak - oppfølging av måla i kvalitetsnormen.....	6
23. Orienteringssak - bestandsplan 2024-2026.....	6
24. Orienteringssak - status økonomi	7
25. Orienteringssak - arealbruk Asbjørnsdalen – menneskeleg ferdsel i området – utvikling i Bjorliområdet.....	8
26. Neste møte i nemnda	10
27. Eventuelt.....	11

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen
Moavegen 30
2690 SKJÅK

Telefon:
48190145

E-post:
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Sakliste:

18. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste
Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

19. Tildeling av middel til villreintiltak 2023

Villreinnemnda har kr 178.570,- til utdeling i 2023

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.23.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen
Moavegen 30
2690 Skjåk
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Det har kome inn to søknader:

1. Villreikutvalet – søknad om tilskot til villreikutvalet sine forvaltningsoppgåver. Søknadsbeløp kr 560.000,-
2. Norsk fjellsenter – formidling av kunnskap om villrein gjennom VR-briller, innkjøp av utstyr og produksjon av film. Kan ta med utstyret ved besøk på t.d. skoler og konferansar – kr 178.570,

Vurdering

Villreikutvalet står for mykje av den praktiske forvaltninga gjennom året. Deira innsats er avgjerande for å ha ei god forvaltning av villreinstamma. Dei bør derfor få brorparten av tilskotsmidla. Det har i tillegg vore arbeidd mykje med kvalitetsnormen for villrein det siste året noko som har ført med seg ein del ekstra oppgåver for villreikutvalet.

Det er positivt at Norsk fjellsenter ynskjer å vidareutvikle måten dei presenterer kunnskap om rein. Bruk av VR-teknologi vil kanskje vera spesielt populært blant yngre og skuleelvar. Det er ei gruppe som vi ynskjer å nå med informasjon, det er positivt med nytenking for å nå dei. Dersom filmen og utstyret blir realisert er det viktig at det blir brukt og at det blir gjort god innsats for å nå ut til mange. Det er ikkje informasjon om korleis dette er tenkt gjort, men vi har forståing for at det er tidleg i prosessen enno. Positivt at sjølve innspelninga skal skje på tamrein.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

3

Prosjektet har større kostnad enn det villreinnemnda har moglegheit til å dekke, men vi går utifrå at det blir fleire bidragsytarar. Prosjektet treff bra på dei kriteria vi har sett for å kunne gje økonomisk støtte.

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Aktiviteten til villreinutvalet er avgjerande for ei god forvaltning av villreinstammen. Aktiviteten blir dokumentert gjennom årlege rapportar.

Kunnskapsformidling er avgjerande for å få folk til å ta vare på villreinen sine leveområder.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var prinsippet er ikkje relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Positivt for økosystemet med kunnskapsformidling om og god forvaltning av villrein.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Aktiviteten til søkarane blir vurdert som miljøforsvarleg.

Søknadene ligg vedlagt.

Innstilling:

1. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2023 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2023 blir overført til Norsk fjellsenter, Brubakken 2, 2686 Lom, konto nr: 2085.05.03894.

Behandling: Jon Sjugard stilte spørsmål ved eigen habilitet i og med at han er styreleiar ved Norsk fjellmuseum. Vart funne inhabil i denne saka og gjekk ut.

Båe søknadene treff bra på søknadskriteria. Når det gjeld søknaden frå Norsk fjellsenter må tilskotsmiddel ev bli gjeve med ein føresetnad om at prosjektet blir gjennomført. Vi etterspør samarbeid med Norsk villreinsenter som også driv formidling om villrein retta mot mange av dei same målgruppene. Det ser ut til at prosjektet er i ein tidleg fase, vi hadde gjerne sett at finansieringsplanen hadde fleire sikre bidragsytarar.

Eli Moen framsette forslag om å gi støtte på 35000,- til Norsk fjellsenter. Resterande middel (kr 143.570,-) til villreinutvalet. Ynskje om rapport på bruken av midla innan 31.10.24. Samrøystes.

Vedtak:

1. Kr 143.570,- i tilskotsmiddel for 2023 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 35.000,- i tilskotsmiddel for 2023 blir overført til Norsk fjellsenter, Brubakken 2, 2686 Lom, konto nr: 2085.05.03894.
3. Vi ynskjer rapport på bruken av midla innan 31.10.24.

20. Orienteringssak - gjennomføring av villreinjakta hausten 2023

Truleg litt dårleg fellingsprosent. I hjorteviltregisteret er det så langt registrert 731 felte dyr av ei kvote på 1300. Det gir ein fellingsprosent på 56,2, men det er ikkje alle som rapporterer i hjorteviltregisteret så fellingsprosenten er noko høgare. Skal få oppdaterte tal frå villreinutvalet i slutten av veka. I avskytingsplanen var det lagt inn felling av 895 dyr. Det var stipulert tilvekst på 730 kalvar. Men resultatata frå kalvetellinga syner til dels dårleg produksjon. I Reinheimen var resultatet 28 % kalv pr 100 simle/ungdyr. I Breheimen sørvest var det 40 % og i Breheimen søraust var det 44 % kalv pr 100 simle/ungdyr. Desse teljingane er henta frå eit utval, men er truleg representativt. Kalveproduksjonen var låg og ein kan forvente ein reduksjonen av stamma. Saksa frå kvalitetsnorm for villrein:

Antall kalvar per 100 simler og ungdyr

Dårlig	Middels	God
< 35	35 – 50	> 50

Jakta var prega av dårleg vêr, ein (av fleire) årsakar til at fellinga gjekk sakte i starten? Oppsynet prioriterte å vera der det var mange jegerar for å fylgje med på jegeråtferd (i staden for å leite etter reinsflokkane slik dei i større grad har gjort tidlegare). Informasjon på nettsida til villreinutvalet var på overordna nivå og ikkje presist kvar flokkane oppheldt seg. Da må jegerane i større grad gjera vurderingar sjølv på kvar rein vil trekke. Fører til mindre "klumping" av jegerar. Strategien var å gi meir presise meldingar på nettsida i veka (færre jegerar) og meir overordna i helga (mange jegerar).

Det har vore mykje fin jakt, men også ein del tilfelle som det har vore reagert på. Fleire jegerar vart anmeldt til politiet i samband med jaktutøvinga i haust.

21. Erfaring med villreinjakt på tamreinområde i Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ynskjer vi å vidareføre ordninga fleire år?

Etter søknad frå villreinutvalet og Lom fjellstyre vart det gjeve dispensasjon til jakt på tamreinområdet denne jaktseasonen. Lom fjellstyre hadde ein grundig prosess før søknaden vart sendt til Miljødirektoratet.

I løpet av villreinjakta vart det felt ein del villrein på tamreinområdet (får rapport om rett antal seinare). Positiv erfaring, fleire av jegerane starta jakta på Lomssida. Dette gjorde at det vart færre jegerar i Lundadalen og truleg enklare for bukkane å krysse inn på Skjåkområdet. Ein opplevde at ein del bukk trakk inn til fostringsflokkane i starten av villreinjakta. Det var også en del villrein som i løpet av jakta trakk lengre austover på Lomssida av Lomseggen, altså aust for det området der det var opna for jakt. Noko av villrein klarte til dels å finne eit "freda område" likevel.

Innstilling:

Nemnda har heile vegen vore positive til ei prøveordning med uttak av villrein i tamreinområdet. Det er viktig å finne tiltak som kan redusere risikoen for samanblanding av tam- og villrein. Sjølv om samanblanding er sjeldan, er risikoen der kvar vår. Det er avgrensa med verkemiddel for å unngå samanblanding det er derfor positivt når ein kjem fram til tiltak som kan ha effekt. I vedtaket frå Miljødirektoratet var det gjeve løyve berre for eit år. Det var skrive at ei vidareføring av jakt på tamreinområde måtte skje på meir ordinær måte, enten gjennom oppretting av eit nytt vald eller gjennom å legge arealet i tamreinområdet til eit eksisterande vald. Lom fjellstyre har gjennom heile prosessen vore tydeleg på et dei berre ynskjer jakt gjennom ei dispensasjonsordning og ikkje gjennom ordinær jakt. Nemnda har vore med i arbeidet med å få denne ordninga på plass gjennom fleire år og ynskjer at ordninga skal halde fram. Vi ser at erfaringa frå i haust har vore god og håpar at Miljødirektoratet kan gje dispensasjon etter § 37 for ein lengre periode. Sjølv om ordninga kan bli vidareført ved å opprette eit eige vald for tamreinområdet, ser vi at ein slik løysing kan vera vanskeleg for Lom fjellstyre. Nemnda fryktar at denne ordninga da vil forsvinne.

Vedtak:

Nemnda har heile vegen vore positive til ei prøveordning med uttak av villrein i tamreinområdet. Det er viktig å finne tiltak som kan redusere risikoen for samanblanding av tam- og villrein. Sjølv om samanblanding er sjeldan, er risikoen der kvar vår. Det er avgrensa med verkemiddel for å unngå samanblanding, det er derfor positivt når ein kjem fram til tiltak som kan ha effekt. I vedtaket frå Miljødirektoratet var det gjeve løyve berre for eit år. Det var skrive at ei vidareføring av jakt på tamreinområde måtte skje på meir ordinær måte, enten gjennom oppretting av eit nytt vald eller gjennom å legge arealet i tamreinområdet til eit eksisterande vald. Lom fjellstyre har gjennom heile prosessen vore tydeleg på et dei berre ynskjer jakt gjennom ei dispensasjonsordning og ikkje gjennom ordinær jakt. Nemnda har vore med i arbeidet med å få denne ordninga på plass gjennom fleire år og ynskjer at ordninga skal halde fram. Vi ser at erfaringa frå i haust har vore god og håpar at Miljødirektoratet kan gje dispensasjon etter § 37 for ein lengre periode. Sjølv om ordninga kan bli vidareført ved å opprette eit eige vald for tamreinområdet, ser vi at ein slik løysing kan vera vanskeleg for Lom fjellstyre. Nemnda fryktar at denne ordninga da vil forsvinne.

22. Orienteringssak - oppfølging av måla i kvalitetsnormen

Vektutvikling – tal frå hjorteviltregisteret. 146 kalvar veid, gjennomsnittsvekt 18,4 kg, altså over grensa for god kvalitet, men ikkje korrigert til simlekalv 4. sept.

Slaktevekt kalv (simlekalv 4. sept)

Dårlig	Middels	God
< 15 kg	15 – 18 kg	> 18 kg

Antall kalvar pr 100 simler og ungdyr – dårleg i Reinheimen og middels i Breheimen. Det er normalt med til dels store variasjonar frå år til år. Kan vera vanskeleg å få gode teljingar. Blir gjort av NINA frå fly i juni/juli.

Struktur - andel bukk 3,5 år og eldre pr simle 1,5 år og eldre: $73/226 = 32,3 \%$. God kvalitet er over 35 %.

Andel eldre (> 3 år) bukk per vaksen (>1 år) simle

Dårlig	Middels	God
< 0,20	0,20 – 0,35	> 0,35

Struktur Breheimen Sør-Aust hausten 2022 (har ikkje andre data som er gjort på akkurat denne måten tidlegare):

	Kalv	Simle	Bukk 1,5	2,5	3,5++	
Ant struktur	119	226	53	38,5	73	509
Struktur	23 %	44 %	10 %	8 %	14 %	100 %
Ideelt?	18-22 %	45-50 %	5-8 %	5-8 %	15-20 %	

23. Orienteringssak - bestandsplan 2024-2026

Tema til drøfting i neste bestandsplan:

- Kløftbukk. Andelen bukk i stamma er god, men det kunne kanskje vore teke ut noko meir 1,5 og 2,5 års bukk. I tillegg er det tilbakemelding frå fleire at det kunne vore teke ut meir returbukk. I kategorien "fritt dyr" blir det normalt felt ein del returbukk og noko yngre bukk. Dette har fungert relativt bra. Men innføring av "kløftbukk" kan kanskje bidra til å gjere det enklare å få ut dei dyra vi ynskjer. En [kløftbukk](#) er ein bukk med inntil to taggar i krona på kvar side. Taggar under fem cm teller ikkje med. Innføring av ein slik kategori har vore drøfta fleire gongar tidlegare.
- Ut i frå strukturteljinga kan det sjå ut til at ein bør legge større avskyting på yngre bukk og returbukk og noko mindre på dei største. Enten det blir "kløftbukk" eller "bukk under 50 kg" bør denne kategorien bli auka frå 5 % til 10 %. Tilsvarende reduksjon i kategorien "fritt dyr".
- Jakttid. Dei siste åra har jakttida vore 20. august til 14. september. I år vart jakttida utvida til og med søndag 17. sept. Nemnda styrer ikkje jakttida, den blir fastsett i sentral forskrift (20.8-30.9) og rettshavarane kan gjere innkorting. Men det er eit tema som i stor grad påverkar fellingsprosent, den bør av den grunn vera ein del av diskusjonen når ein drøfter ny bestandsplan.
- [Uttak av små kalvar](#). Kalvar under 14 kg kan jegeren få kjøpt for kr 350,- Kalven belastar da ikkje jegeren sitt kort. Dette er eit bra tiltak for å få teke ut små dyr. Det gjeld berre dei med kalvekort. Burde det vore utvida til også å gjelde dei med andre korttyper? Kanskje risikabelt om ein med fritt kort skyt ein kalv på 15 kg? Er neppe fornøgd når hen må ta den på kortet sitt.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

- Uttak av halte dyr. Det er ikkje uvanleg at nokre dyr er halte. Det treng ikkje å vera noko alvorleg skade som gjer at dei må bli avliva. Dersom det er openbart at dyret ikkje kan leve vidare eller bli friskt, kan ein avlive dyret. Det er skrive noko meir om dette i villreinutvalet sin [folder](#) med info om villreinjakt.
- Uttak av dyr med fotråte: Fotråte vart registrert fyrste gong i Reinheimen i 2016. No i haust vart det berre registrert eit dyr. Veterinærinstituttet har fylgjande tilråding om felling av dyr med fotråte: *Dyr med sår på nedre deler av beina og/eller som er synlig halte under jakt, bør avlives av smittehygieniske og dyrevelferdsmessige grunner.* Dersom ein skal avlive halte dyr på bakgrunn av mistanke om fotråte bør det vera kjent fotråteutbrot i aktuelt område og det same året. Felling av sjuke / skadde dyr er noko som kan bli misbrukt, men samstundes er det eit viktig tiltak med tanke på dyrevelferd og redusert smittepress.
- Overgangsavtaler. Positiv erfaring med overgangsavtale frå eige terreng i Reinheimen.
- Fokus på å oppnå bestandsmåla. Dei blir halde på same nivå som i førre periode:

Reinheimen:	1800 - 1900 dyr
Breheimen søraust:	400 - 450 dyr
Breheimen sørvest:	250 - 300 dyr

24. Status økonomi

Nemnda fekk ei tildeling på kr 300.000,- for dette året. Så langt har vi brukt kr 171.705,- Det er budsjettert med om lag kr 100.000,- til tenestekjøp sekretær. I tillegg blir det ein del kostnader i samband med dette møtet. Nemnda kjem derfor til å bruke meir enn dei midla vi har fått tildelt frå Miljødirektoratet for dette året. Vi har ein reserve på kr 167.729,- frå tidlegare år.

Vedtak: Gi signal til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om at ei tildeling på kr 300.000,- pr år er for lite i forhold til behovet.

25. Orienteringssak - arealbruk Asbjørnsdalen – menneskeleg ferdsel i området – utvikling i Bjorliområdet

I dag er det om lag 1224 hytter i Bjorliområdet (til og med Lesjaskogsvatnet) og 82 bustadar. I tillegg er det regulert inn moglegheit for å bygge 400 til, der ca 300 av dei er aktuelle å bygge ut (reduert pga oppdatert skred- og raskartlegging). Det er og igangsett ytterlegare detaljregulering som vil auke talet på klare tomter noko meir. Det betyr at det vil bli større press på utmarksareala i Lesja i åra framover. Det blir viktig å kanalisere ferdsel til område som er mindre sårbare og som toler meir ferdsel.

Det er i dag registrert eit stort kalvingsområde på begge sider av Lordalen som går til og med Asbjørnsdalen. Villreinnemnda behandla ei sak i fjor om skilting av rundløype via Rånå – Tverbekken – Brennhø i nedste delen av Asbjørnsdalen. Nemnda uttrykte skepsis til ei slik løype og det vart ikkje gjeve løyve frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen. I NINA-rapport 643 er det skrive fylgjande om fokusområde Asbjørnsdalen:

3.6.3 Fokusområde Asbjørnsdalen (3)

Avgrensing av området

Området ikring Rånåvegens inste del og nedste delen av Asbjørnsdalen.

Reinens bruk av området

På 1970-talet var indre delar av Asbjørnsdalen viktig kalvingsland for villreinen i Ottadalen nordområde. Som vanleg er har også kalvingslandet flytta ikring i området, og er no blant anna i fjella ikring Lordalen. Tidlegare var det og vanleg at reinen kom trekkande og kryssa Asbjørnsdalen mot Rånåflya og omvendt. Registrerte fangstminne finst i dette området, med fangstgropanlegg og jaktbuplassar. Fangstminna viser at Asbjørnsdalen har hatt viktige funksjonskvalitetar for reinen her.

Rein i området den siste tida

Det er mykje observasjonar av rein frå dette området, særskilt frå 1970- og 1980-talet.

Ferdsle ut frå Rånå

Det er moderat og spreidd ferdsle inn frå parkeringa i Rånå både vinter og sommar. Det går fotsti oppover dalen. Utbygginga på Bjorli ser så langt ikkje ut til å generera veldig mykje trafikk over på denne sida. Ein av årsakene kan vere at det er godt tilrettelagt med mykje turskiløyper nærare hyttegrendene på Bjorli.


Sårbarheit

I nærfjella på bae sider av Asbjørnsdalen har villreinstamma potensielt viktige funksjonskvalitetar (jfr. tidlegare kalvingsområde).

Inngrep elles

- Spreidde hytter ved Rånå og Herrahøtjønn
- Parkeringsplassar ved Rånågrenda der stien oppover Asbjørnsdalen tek til

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen



26. Neste møte i nemnda

Innstilling: Neste møte blir truleg oppstartsmøte av nye nemnder i februar. Dagens nemnd har formell funksjon fram til ny nemnd er konstituert. Om det kjem saker som nemnda skal arbeide med så kan dette bli løyst av AU og evt via digitalt møte / e-postmøte.

Vedtak: Neste møte blir truleg oppstartsmøte av nye nemnder i februar. Dagens nemnd har formell funksjon fram til ny nemnd er konstituert. Om det kjem saker som nemnda skal arbeide med så kan dette bli løyst av AU og evt via digitalt møte / e-postmøte.

27. Eventuelt

[Besøksstrategi for Breheimen – høyring](#). Nemnda kan framleis gi innspel sjølv om fristen er passert.

Vedtak: Sekretær utformar eit høyringssvar til besøksstrategien for Breheimen. Spesielt fokus på ferdsel på stigar med mindre enn 30 passeringar pr døgn og kva effekt dei kan ha på villrein sjølv om dei har mindre ferdsel enn terskelnivå for stigar med vegring jf *NINA-rapport 51 Horisont Snøhetta*.

Kommentar til fjerde avsnitt på side 13 i besøksstrategien:

Merka stinett er meir utvikla i vestområda, der områdebruken til villreinen er mindre, enn lenger aust. Ferdsla har vore på eit akseptabelt nivå, og for det meste ligg den innanfor 3-30 personar per. dag eller lågare. Dette er rekna som ei akseptabel tolegrense for villrein i undersøkingar gjort i Rondane, Snøhetta og Nordfjella om villreinen sin arealbruk. Det gjeld alle stiar over skoggrensa i vestområda. Dei stiane som har størst ferdsel i sumarsesongen der det er villreintrekk er stien Sota – Tverrådalsskyrkja og Heillstuguvassosen – Åfåttjønn (NINA rapport 1349 om brukarane av Breheimen NP). Sjølv på desse strekningane er ferdsla svært sjeldan oppe i 30 personar per dag.

Villreinnemnda vil poengtere at tolegrensene som vart funne i [NINA-temahefte 51](#) gjeld villrein sine kryssingar av stigar. (*Strand, O., Flemsæter, F., Gundersen, V. & Rønningen, K. 2013. Horisont Snøhetta. - NINA Temahefte 51. 99 s.*)

Sjølv om ferdsla er under 30 passeringar pr døgn kan villrein bli påverka på andre måtar enn vegring mot å krysse stigen. Effekten ein stig vil ha på villrein vil også vera avhengig av kor den blir lagt (funksjonsområde). Ein stig inn i eit kalvingsområde vil naturlegvis vera negativ sjølv om den har relativt få passeringar (om det er mogleg med ferdsel der i mai). Poenget er at det er meir enn berre talet på passeringar som er avgjerande for om ein stig kan ha effekt på villrein (på ein eller annan måte). Effekt på kondisjon kan truleg slå inn på eit mykje lågare ferdselsnivå. Eit døme kan vera ein person som går på ein stig gjennom ein dal der villrein finn godt beite. Ferdsla av ein person i eit slikt tilfelle vil ofte skremme vekk villreinen (kortvarig) slik at den bruker mindre tid på beite / meir tid på flukt enn optimalt og kanskje vel eit mindre optimalt beiteområde (kortvarig).

Villrein blir som regel forstyrra av folk som går i nærleiken og slik sett vil kondisjon kunne bli ramma av mindre ferdsel sjølv om ein stig ikkje skapar vegring. I "Horisont Snøhetta-rapporten" var det vist til at villrein kryssa stigar meir ved moderat ferdsel på stigen (<10 passeringar), forklart gjennom noko auka forstyrring (og truleg auka energiforbruk hjå villrein).

I 2018 gjorde NINA ei analyse av mellom anna sårbarheit for DNT-ruta over Kamperhamrane og inn i Breheimen nasjonalpark ([NINA-rapport 1593](#)). (*Vistad, O. I., Evju, M., Eide, N. E. og Rød-Eriksen, L. 2018. Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Kattanakken, Oldeskaret og Sunndalen. NINA Rapport 1593. Norsk institutt for naturforskning.*)

Eit utklypp frå rapporten er teke med som eit døme på sårbarheitsvurdering:

Som figur 5.9 syner så går stien over Kamperhamrane gjennom aktuelle barmarksbeite, og den kryssar trekkleier to stader, over tangane før og etter vatna. Det er også ytterlegare to trekkleier vestafor den avgrensa lokaliteten,

som ikkje er tatt med i utrekninga av sårbarheit. Utrekna sårbarheitskår for villrein er 34 (tabell 5.4). Vestområde av Jostedalsbreen nasjonalpark er opplagt viktige beiteområder om sumaren. Tilgangen til snøfenner og breklattar er attraktive område for å få fred for insektplaga på varme sumardagar. **Ev. auka ferdsel innafor Sunndalssetra vil kunne gje unnvikingseffektar og endra status for bruk, som igjen vil gje utslag på sårbarheitsvurderinga (blir høgare). Det er ukjent kva mengde ferdsel som utløyser unnviking av eit område, og det varierer truleg mykje frå villreinstamme til villreinstamme.**

Etter villreinnemnda sitt syn bør vurderingar av sårbarheit for villrein basere seg på tilsvarande metodikk som i NINA-rapport 1593.

Fluktavstand blir ofte teke med som eit poeng når sårbarheit blir vurdert hjå villrein. Villreinstammene i Norge er i rapporten "[Miljøkvalitetsnorm for villrein](#)" delt i to grupper med ulik buffer iht sensitive einingar / funksjonsområder, der villrein i Breheimen er i den gruppa med minst buffer (500m). Fluktavstandar er også inkludert i vurderinga av sårbarheit i NINA-rapport 1593.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær